
Saksnr: 2020/35317-35
Saksbehandlar Signe Rauboti
Dato: 30.09.2021

Til: Fylkesutvalet og hovudutvalet for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektøren

Ferde AS har fått lovbrotsgebyr frå Datatilsynet

Datatilsynet har den 27.09.21 vedteke å gje Ferde AS eit gebyr på 5 000 000 kr, for brot på grunnleggande krav i personvernregelverket i perioden 2017-2019.

Ferde AS registrerer passeringar i bomstasjonar, og der den som passerer ikkje har brikke, eller brikka ikkje vert korrekt registrert, vert det teke eit bilete av bilen sitt registreringsnummer. Bilskilt er rekna som personopplysningar.

Dei bileta som ikkje kan lesast digitalt, vert sendt til manuell behandling. Ferde AS har hatt kontrakt med Unitel Bratseth Services (UBS) om dette arbeidet, og UBS har tilsette i Kina som har tilgang til bileta og informasjon knytt til desse via web og via Ferde sine system.

Datatilsynet konkluderer med at Ferde AS ikkje hatt gyldig grunnlag for å overføre personopplysningar til Kina, og at selskapet har brote plikta til å gjennomføre risikovurdering og inngå databehandlaravtale før personopplysningar vert overførte.

Ferde AS har vedgått brot på personvernregelverket i perioden, og har opplyst at selskapet aksepterer gebyret. Selskapet retta opp i tilhøva så snart dei vart kjende med dei. Etter at selskapet fekk varsel om gebyr tidlegare i år, har selskapet avslutta kontraktsforholdet med Unitel Bratseth Services.

Datatilsynet informerer om vedtaket i følgjande nyheitsartikkel på nettstaden sin: <https://www.datatilsynet.no/aktuelt/aktuelle-nyheter-2021/gebyr-til-ferde-as/> Frå nyheitsartikkelen er det lenkja til Datatilsynet sitt vedtak.